



Helge Roy Haugland  
Leknesvegen 225 A  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1219 - 17/12257

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
28.04.2017

## Førebels svar-trong for tilleggsopplysning - gbnr 196/56 Midtgård

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.04.17 .

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nabo på gbnr 196/140 er ikkje nabovarsla
2. Skjema Gjenpart av nabovarslel er ikkje lagt ved i søknad
3. Det må sendast inn eit arealrekneskap der det går klart fram faktisk utnyttingsgrad på tomta. Vi syner til at tilkomstveg, parkeringsareal og all anna bebyggelse skal reiknast med.
4. Vi viser til kommuneplanens arealdel føresegn 2.14. Kommunen kan gje løyve til tiltak utan reguleringsplan for tiltak etter § 20-2 mellomanna samla bygd areal (BYA) ikkje skal overskride 20%. Sjå link til kommuneplanens arealdel :  
<https://www.lindas.kommune.no/gjeldande-planar.298411.nn.html>
5. Dersom det du skal bygge ikkje er innanfor krava i punkt 2.14, er det krav om reguleringsplan for eigedommen din etter kommuneplanen sin arealdel punkt 1.1.
6. Det vert krevd nye teikningar i saka. De må sendast inn forbetra teikningar av plan og snitt der alle ytre mål går fram.
7. Vidare må det gå fram av søknaden faktisk storleik på garasje herunder BYA og BRA.
8. På situasjonskartet må det førast på avstand i meter frå garasje til midtveg og frå garasje og til nærmaste nabogrense.
8. Tomta grensar til fylkesveg 391. Byggjegrænse mot denne vegen er 15 meter. Søknad må difor også supplerast med søknad om dispensasjon i frå byggjegrænse mot offentleg veg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **08.06.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin



mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Helge Roy Haugland

Leknesvegen 225 5915  
A

HJELMÅS